

UTTALE FRÅ FJELLNETTVERKET TIL

JORDBRUKSMELDINGA (MELD. ST. 11 (2016- 2017)) «Endring og utvikling. En framtidsrettet jordbruksproduksjon»



Geilo, 7. februar 2017

Styret i Fjellnettverket har vedteke følgende uttale til den nye jordbruksmeldinga:

Fjellregionsamarbeidet er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg. Nettverket arbeider for å setje viktige spørsmål for fjellbygdene på dagsorden, for å skape livskraftige bygder der verdiane blir skapte.

Landbruket er ei svært viktig næring for fjellområda i Sør-Noreg. Styret i Fjellnettverket meiner at forslaga i jordbruksmeldinga vil føre til ein ytterlegare nedgang i den reelle sjølvforsyninga, med mindre vekt på nytting av lokale beite- og utmarksressursar. Styret meiner at dersom tiltaka i den nye jordbruksmeldinga blir gjennomført, vil dette vere med på å bygge ned fjellandbruket, og dermed også fjellbygdene våre.

Styret i Fjellnettverket meiner prinsipielt at mange av forslaga ut frå avtaleinstituttet skulle vore tatt opp under jordbrukstingingane, og bed regjeringa legge til rette for at Hovudavtala for jordbruket blir følgd opp.

Styret i Fjellnettverket meiner at den norske landbruksmodellen må oppretthaldast, og legg særleg vekt på at:

- *Vi må ha matproduksjon i alle delar av landet. Den nasjonale matvareberedskapen og norsk råvareproduksjon med prisuttak i marknaden avheng av eit velfungerande importvern.*
- *Jordbrukstingingane gjev inntektsmoglegheiter, og gjer det mogleg å føre ein aktiv landbrukspolitik. Utjamning mellom distrikt, og mellom små og store bruk, skal sikre landbruk over heile landet. Målprisar og marknadsregulering må leggast til grunn i tingingane og styrkast for å oppnå auka matproduksjon på alt tilgjengeleg areal.*
- *Lokalt eigarskap gjev verdiskaping og næringsutvikling i bygdene. Familiejordbruket og ein høg grad av personlig eigarskap til jorda bidreg til robuste lokalsamfunn og meir livskraftige distrikt. Jordvernet må styrkast.*
- *Marknadsordningane er avgjerande for å oppretthalde jordbruksproduksjon over heile landet og bør styrkast. Dei gjev bonden avsetjing for råvarer uavhengig av geografisk plassering, og stabile og føreseielege prisar for bonden, industrien og forbrukarane.*

Til forslaga i jordbruksmeldinga har styret følgjande innspel til endringar:

1. *Mål om auka sjølvforsyningsgrad framfor auka volumproduksjon*
Fjellnettverket meiner at ein sjølvforsyningsgrad på minimum 50 %, basert på eigne jordbruksressursar, må vere ei hovudmålsetting for norsk jordbrukspolitik, og at heile landet må takast i bruk for å styrke matproduksjonen. Regjeringa si hovudmålsetting om kostnadseffektiv matproduksjon vil føre til ei sentralisering av norsk matproduksjon i strid med gjeldande landbruksmål.

2. *Oppretthalde marknadsordningane*
Dagens marknadsordningar og eit sterkt importvern fører saman med gjeldande eigedomspolitik til levande distrikt med aktiv verdiskaping, i tråd med Stortingets føringar. Marknadsordningane på dei ulike områda må oppretthaldast og styrkast.
3. *Omsettingsregionar for kumjølkk og marknadsregulering av geitemjølkk*
Fjellnettverket tilrår å oppretthalde gjeldande mjølkeregionar for omsetting av kumjølkk. Forslaget om å avvikle marknadsreguleringa av geitemjølkk vil føre til ei sterk sentralisering av geitemjølkkproduksjonen rundt nokre få mottak. Denne produksjonen er ei viktig næring i delar av fjellområda, og må takast vare på. Fjellnettverket går difor i mot å fjerne marknadsordningane for geitemjølkk.
4. *Landbrukspolitikken må framleis vere ein viktig del av distriktspolitikken*
Landbrukspolitik er ein viktig del av distriktspolitikken. Distrikts- og strukturverkemiddel må styrkast for å demme opp mot auka sentralisering av matproduksjonen og redusert verdiskaping i distrikt/fjellområde. Differensierte verkemiddel er ein føresetnad for eit multifunksjonelt landbruk der det blir lagt til rette for kulturlandskapspleie og auka berekraftig matproduksjon.
5. *Dyrevelferd*
Det norske jordbruket sitt største konkurransefortrinn er mattryggleik, dyrehelse og dyrevelferd. Verkemiddel knytt til desse tiltaksområda må styrkast.
6. *Velferdsordningane må oppretthaldast*
Fjellnettverket støttar ikkje regjeringa sine forslag om å fjerne avløysartilskotet til ferie og fritid og tidlegpensjonsordningane. Gode velferdsordningar er viktig for å sikre god dyrevelferd, arbeidsvilkår for avløysarar og rekruttering til landbruket. Fjellnettverket tilrår difor å oppretthalde tilskota på det same nivået som i dag, og å auke det øyremerka tilskotet til styrking av rekrutteringane til landbruket.
7. *Ein politikk mot attgroing*
Landbrukspolitikken må innrettast slik at dyrkbar jord og beitemark er i bruk og motverke attgroing. Fjellnettverket støttar ikkje kutt i kulturbeitetilskotet.

Det må også førast ein aktiv rovdyrpolitikk som sikrar at utmarka framleis kan brukast til beiting.
8. *Ein aktiv klimapolitikk*
Det må innførast positive verkemiddel og nasjonale incentiv for å redusere klimautsleppa frå det norske landbruket. Eit viktig klimagrep kan vere å etablere ei eiga klimarådgevingsteneste for landbruket. Planlegging av klimatiltak bør i tillegg vere eit kriterium for tildeling av støtte frå Innovasjon Norge til ny- og utbygging.
9. *Oppretthalde målet om 15 % økologisk produksjon*
Målet om at minimum 15 % av jordbruksarealet bør drivast økologisk, bør oppretthaldast. Økologisk produksjon og kunnskap om miljøvenleg produksjon bør styrkast i ny jordbrukspolitik.

10. Hovudavtala som grunnlag for forhandlingsinstituttet

Fjellnettverket meiner at Hovudavtala må styrkast og oppretthaldast som grunnlag for jordbrukstingingane mellom regjering og næring. Endringar av vesentleg grad må samordnast med næringa, og talet på arbeidsplasser i landbruket styrkast som ein del av det grønne skiftet.

11. Inntektsutvikling på line med andre yrkesgrupper

Det må leggst til rette for at yrkesutøvarane i landbruket kan oppnå ei årsverksinntekt og ei inntektsutvikling målt i kroner slik andre yrkesgrupper i det norske samfunnet har. For å oppnå dette må landbruksmodellen i Noreg styrkast og ikkje svekkast, slik regjeringa legg fram forslag om.

Bakgrunn:

Om den norske landbruksmodellen

Styret i Fjellnettverket finn at landbruket si rolle bør styrkast for å oppnå omstilling og vekst i distrikta. Dersom det bare blir fokusert på økonomisk lønsemd vil ikkje dette løyse utfordringane i jordbruket, der det er behov for ei omstilling til berekraftig og miljøvenleg produksjon for å møte auken i folketal i verda.

Styret tilrår at den gjeldande norske landbruksmodellen står ved lag, og at det fortsatt må gjelde eit hovudmål om å ta i bruk heile landet for å styrke matproduksjonen.

Marknadsregulering

Dagens marknadsordningar og eit sterkt importvern fører saman med gjeldande eigedomspolitik til levande distrikt med aktiv verdiskaping, i tråd med gjeldande landbrukspolitiske føringar. Det regjeringsutnemnde utvalet som evaluerte ordningane i 2015 konkluderte med at gjeldande marknadsordningar fungerer etter dei fastsette målsettingane. I meldinga blir det likevel foreslege at ei rekke av dagens marknadstiltak blir avskaffa eller endra. Dette gjeld mottaksplikt for korn, egg, eple og matpotet, samt å gje Nortura dobbel mottaksplikt på kjøt frå storfe, lam og svin. Når det samtidig er foreslege å redusere talet på kvoteregionar for kumjølkk og å fjerne marknadsreguleringa for geitemjølkk, vil dette i sum føre til større risiko for den einskilde utøvar samt sterkare sentralisering av produksjon og foredling over tid. Styret i Fjellnettverket finn ikkje at desse forslaga er godt grunngjeve, eller at verknadene av desse forslaga er godt nok vurderte, og er uroa over at dette vil svekke den norske og internasjonale marknaden for frambod og sal av norske jordbruksprodukt.

Fjellnettverket syner til at i store delar av Europa har produkt av geitemjølkk i form av ost ein heilt unik posisjon som ikkje er utvikla tilsvarande i Norge. Agricultural Marketing Resource Center syner til at geitost i ulike variantar er det produktet innan «matvarer med særpreg» som veks mest i den vestlege verda. Chevre og fetaost er eksempel på norske geitosttypar som også har stort marknadspotensial. Marknaden for kvit geitost blir i dag i hovudsak dekt av import, og det bør arbeidast med å auke andelen norske produkt i den nasjonale marknaden.

Fjellnettverket syner også til at det er gjort eit omfattande arbeid i geitemjølknæringa dei siste åra for å betre mjølkequaliteten. Dette har i hovudsak eliminert kvalitetsutfordringane i geitemjølkk, og har ført til at m.a. Tine har satsa på å utnytte marknadspotensialet for geitemjølkkprodukt ytterlegare. Fjellnettverket understrekar at marknaden er i endring, og at gjeldande marknadsordningar vil regulere overproduksjonen over tid, men også sikre avsetning av produkta slik det er behov for.

Velferdsordningar

Fjellnettverket syner til at ei øyremerking av tilskot til avløyning har vore ein viktig del av jordbruket, og som har sikra dyrevelferd og lågt smittenivå i norsk landbruk. Norske landbrukstenester sysselset i dag om lag 5000 årsverk, og er ein viktig aktør slik at det finnast tilgjengeleg fagleg kvalifisert arbeidskraft både ved ferie og langvarig sjukdom. Fjellnettverket fryktar at avløyartenestene kan bli vanskelege å oppretthalde på kort sikt dersom øyremerkinga av tilskotet blir fjerna.

Fjellnettverket meiner forslaget om å fjerne tidlegpensjonsordninga verkar lite føremålstenleg, dersom det framleis er eit ønskje om å arbeide for rekruttering til landbruket. Dette forslaget kan gjere det vanskelegare for unge å overta eigeidom dersom førre generasjon ikkje sluttar i landbruket før dei er pensjonistar og/eller får seg anna næringsinntekt. Alternativt bør det vurderast endringar i gjeldande ordning i samråd med næringa i årets tingingar.

Utmarksbeite

I meldinga står det at utmarksbeite skal prioriterast i kommande jordbruksoppgjer. Det er bra, men så lenge vi har store rovdyrutfordringar som hindrar effektiv utnytting av utmarksareala, er det ikkje realistisk å få utnytta utmarksbeita i store delar av landet. Kontrollert og berekraftig rovdyrforvaltning er avgjerande for mange utkantområde.

Fleire arbeidsplassar også i jordbruket

I retningslinene for statlege KMD-midlar er det frå 2017 vektlagt av regjeringa at det regionalt skal leggst til rette for auka tal på arbeidsplassar og bedriftsetableringar. Fjellnettverket finn ikkje at fjerning av marknadsregulering på sentrale område innan jordbruket vil lette arbeidet med å styrke rekruttering og etablere fleire arbeidsplassar i det tradisjonelle landbruket eller i ny bygdenæring. Tvert om vil dette føre til ein usikker marknadssituasjon og lågare rekruttering i landbruket i område som alt nå slit med omstillingsvanskar etter at sentrale verksemdar er lagt ned eller flytta. Jordbruket i samarbeid med reiselivet kan ta i bruk fleire hender, men dette krev at marknadsstyringa styrkast og ikkje svekkast slik at jordbruket kan ta del i utvikling og omstilling.

Matproduksjon og reiseliv

Strategien for reiseliv basert på landbruket og reindrifta sine ressursar "Opplivingar for ein kvar smak" gjev lokalmat ei nøkkelrolle opp mot opplevingsbasert turisme og mat med historie. Skal vi ha eit reiseliv som kan knyte sine historier kring den lokale maten, må vi samtidig ha matprodusentar lokalt og over heile landet.

Styret i Fjellnettverket syner til utviklinga i Danmark og Sverige med aukande fråflytting, konkursar og attgroing. Fjellnettverket kan ikkje sjå at den framlagte meldinga kjem med tiltak som vil styrke landbruket eller bygge eit robust jordbruk slik det vert framhalde, og dei foreslegne tiltaka møter ikkje utfordringane i det grønne skiftet.

For styret i Fjellnettverket
Steinar Berthelsen (sign.)
Styreleder